



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
16/3928	20.12.2016	36433/2017/L20	Johnny Loen, 71 28 02 43	17.03.2017

Endringar i kart- og planforskrifta - fråsegn til høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Våre kommentarar er nok prega av at vi ikkje i særleg grad er involvert i den tekniske delen av kartproduksjonen, men snarare ser implikasjonane av det som faktisk blir produsert, både på generelt grunnlag og i ei rekke enkeltsaker som vi møter.

Vi kommenterer dei enkelte elementa i forslaget punktvis nedanfor:

§ 2 a:

Ingen merknad.

§ 4:

Ingen merknad. Vi forstår denne endringa også som eit svar på behovet for tidsserier til forskningsbruk og analyse.

§ 5 første ledd:

Etter vår vurdering framstår endringa meir eller mindre som ei ny juridisk formalisering av forhold som allereie er regulert i geodataforskrifta og som i stor grad må samsvare med nødvendig praksis. Vi har ikkje merknader.

§ 5 tredje ledd:

Ingen merknad.

§ 7 første ledd:

Når det gjeld første punktum i denne paragrafen vil det etter vår vurdering vere ulogisk å ikkje krevje at arealplanforslag skal leverast i digital form. All arealplanlegging i dag er digital. Det er krav om at dei som utarbeider planar skal ha planleggingskompetanse og produksjonsverktøyet dei nyttar er digitalt, likeeins er innsynsløysingane og høyringsprosessane digitalt basert. At ein samstundes opnar for at ein kan krevje digital 3D-dokumentasjon har vi ingen merknad til. På sikt vil nok også 3D-planlegging bli nær nødvendig og obligatorisk.

Ein har gjennom fleire år vore i ein "overgangsperiode" mellom analoge og digitale løysingar, både kartteknisk og arkivteknisk. I starten var det nødvendig å akseptere gamle og

nye løysingar parallelt. Dette behovet er i realiteten ikkje lenger til stades når det gjeld arealplanar, og tida er komen for fulldigitalisering, jamfør også merknader til § 11.

§ 7 andre og tredje ledd:

Ingen merknad.

§ 8 andre ledd:

Vi har ikkje merknader til at leddet vert fjerna.

§ 9 fjerde ledd:

Endringa er redaksjonell. Vi har ikkje merknader.

§ 11 tredje ledd:

Det er mange år sidan vi har fått papirplanar oversendt i samband med eigengodkjenning, og denne opsjonen bør no fjernast fullstendig, jamfør også merknader til § 7. Vi har for vår del ikkje lenger arkivfascilitetar som er eigna for å motta analoge plankart. Post som framleis kjem på papir (mindre og mindre) vert scanna, men plankart er som regel for store til dette.

Vi får heller ikkje vedtekne digitale planar oversendt i særleg grad, sjølv om kravet om oversending framleis står i forskrifta. Når kommunale planarkiv er fullutvikla, er oversending overflødig. Det er tilstrekkeleg for vår del at kommunen innan rimeleg tid varslar om vedtak av plan, og at vedtatt plan snarast råd vert gjort tilgjengeleg i planregisteret/innsynsløysinga. Kanskje bør forskrifta heller pålegge dette, jamfør også frist etter § 15 første ledd tredje punktum. Det er forøvrig ei generell utfordring at planregistra ofte er kryptisk plassert i kommunenes nettsider.

Departementet bør prioritere ressursar til å følge opp dei kommunale, digitale planarkiva slik at dei vert fullstendige, jamfør også ønsket om digital plandialog. Dette er ein eingangsjobb som kostar tid og pengar, og som ein del kommunar framleis heng etter med.

§ 13 må oppdaterast tilsvarende. Det er uklart for oss kva kommunar som ikkje skal føre arealplan i digitalt planregister. Derimot er sjølvstøtt spørsmålet relevant i forhold til eldre planar som i utgangspunktet ikkje låg føre i digital form. Også her bør det settast inn ressursar for å oppgradere dei digitale planregistra, i det minste med rasterplot og føresegner.

§ 12 første ledd:

Vi har ikkje merknad til endringsforslaget utover at ordet "digital" er unødvendig gitt merknader til §§ 7 og 11. Alle arealplanar er digitale !

Når dette er sagt, vil vi også påpeike behovet for at andre planar enn arealplanar kan finnast i eit samla planregister. Kartforskrifta gjeld arealplanar særskilt, men kanskje bør heimelen for planregister følge av pbl direkte, og implementerast også for andre planar etter lova, eventuelt i kommunelova for kommunens samla styringssystem, som generelt bør vere ope for innsyn.

Paragrafen er elles ikkje presis i forhold til at "arealplan" også omfattar rettsleg bindande føresegner ("bestemmelser") og planomtale/KU. Det er behov for at desse dokumenta, samt vedtak og saksførebuing før vedtak, ligg i registreret saman med kartet, eventuelt også bindande situasjonsplanar mv.

§ 12 andre ledd bokstav a:

Vi er positive til at Statens Kartverk får eit nasjonalt ansvar for register over (og innsynsløysingar for) regionale og nasjonale planar. Også her bør ein nok i tillegg vurdere andre plantypar enn arealplan, jamfør merknader til første ledd.

Vi vil i denne samanhengen også påpeike at behovet for georeferanse på dispensasjonar er relevant på generelt grunnlag, mellom anna i samband med høyringar i nye dispensasjonssaker (§ 12 andre ledd bokstav c).

§ 15 fjerde ledd:

Ingen merknad.

Vedlegget:

Vi har ikkje merknader til dei redaksjonelle endringane, som synest tenlege.

Spørsmålet om føremålskoder er vel heile tida eit spørsmål om kva detaljeringsgrad som er nødvendig for planlegginga. Vi har for så vidt ikkje avgjerande merknader til at ein på reguleringsplannivået har eit høgt detaljeringsnivå, men vi vil peike på eit par punkt der vi meiner at dei foreslåtte løysingane kan gjerast betre.

- Det er ei generell utfordring at *"offentleg og privat tenesteyting"* reint intuitivt har stort samanfall med andre grupper i kodesettet, kanskje særleg med *"næringsbebyggelse"* og *"fritids- og turistformål."* Hovudgruppene bør i størst mogleg grad vere gjensidig utelukkande.

- Det er også ei generell utfordring at delføremål innanfor same gruppe har svært ulike konsekvensar for omgivnadene (t.d. trafikkmessig), og at det ut frå dette er krevjande å skulle utgreie konsekvensar dersom ein nyttar samlekodar. Det ville kanskje vere tenleg å gruppere meir etter konsekvens; sjå også nedanfor.

- nytt forslag til kode 1163. Her er det lista opp kva departementet i rettleiar vil presisere at føremålet skal innehalde. Etter vår vurdering er det fleire av elementa i denne lista som ikkje fell inn under den ålmenne oppfattinga av omgrepet "institusjon", til dømes treningssenter, frisør..... Samla sett framstår elementa i lista også her ulike, fordi nokre føremål er tradisjonelt "kunderetta" mot ålmenta, medan andre er meir lukka og retta mot særskilte grupper "klientar".

- Når det gjeld kode 1165 er denne i (forslaget til) sjølve vedlegget nemnt som *"forsamlingslokale for religionsutøvelse"*. Dette må vere ein trykkfeil og avgrensar føremålet endå meir enn tidlegare. Rett tekst må vere *"forsamlingslokale/religionsutøvelse"*. "Klubbhus" bør vere i lista fordi klubbhus ikkje alltid er knytt til idrettsanlegg.

- Kode 1169 er, tilsvarande i andre kodegrupper, ein samlepost for tiltak som ikkje passar under dei meir spesifiserte føremåla. Det er lista opp, ikkje uttømmende, kva dette kan vere. Også i denne lista er element som er svært ulike, mellom anna *"leikeland for barn"* og *"fengsel"*. I denne opplistinga er også *"servering/bevertning/kafe/restaurant/pub o.l."*. Sistnemnde er etter det vi kan sjå sterkt samanfallande med kode 1330, altså eit næringsføremål, medan fengsel er ein offentlig institusjon. Dei tre føremåla har heilt ulike verknader på omgivnadene og det er vanskeleg å sjå logikken i at dei skal samlast i ein slik fellespost.

Når det gjeld endringane ein foreslår i sjøareal oppfattar vi desse som positive og har for så vidt ikkje mange merknader. Samla sett framstår området framleis noko umodent. Det er for det første svært mange føremål i sjø - også i kodesettet - som plan- og bygnings-

lova ikkje styrer, men som har med arealbruk å gjere. Slik er det for så vidt på land også, men på land er det atskillig større press i form av permanente, bygde strukturar.

Utfordringa i sjøarealplanlegginga er då kva slags aktivitetar ein faktisk regulerer dersom ein i stor grad nyttar einbruksføremål. Dels er dette nokså uavklart. Kan til dømes kommunen avvise låssetting i eit gytefelt ? I kva grad kan ein regulere friluftslivet i eit naturområde ?

I realiteten vil svært mykje av sjøareala vere fleirbruksområde, uavhengig av kva føremål dei har i plankartet. Dette gjer også at SOSI 6800 er mykje nytta i staden for einbruksføremål. Her er ulempa at koden og fargen er den same uavhengig av kva element ein legg inn i kombinasjonen. Dette er eit pedagogisk problem i lesing av karta.

Omsynssonene med heimel i pbl § 11-8 c bør utvidast til å også å gjelde yrkesfiske. Dette kan parallellførast med landbruk og reindrift; primærnæringar som er avhengige av at kvalitetar i arealet vert sikra. Her kan kart- og planforskrifta ikkje endrast utan at lovheimelen først er endra. Innanfor ei slik omsynssone kan til dømes også låssettingsplassar (= fiskeriaktivitet) sikrast, medan gytefelt primært dreier seg om omsyn til naturmiljøet.

Ein siste merknad knyter seg til regionale planar, vedlegg III. Med erfaring frå tid tilbake bør ein kanskje ha eigen kode i regional plan for energianlegg både til lands og til sjøs. Det har vore etterspurnad frå departementet etter regionale planar for vindkraft og småkraft.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamrodnar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Kopi:
Statens Kartverk Møre og Romsdal